

Referat

Møte i Kommunalsjefgruppa NH - 9.januar 2015

Stad: Møterom Regionrådet
Tid: kl. 09.00-14.00
Møteleiar: Johan Sandal
Referent: Anne Hildegunn Færøy
Til stades: Johan Sandal, Grethe Herøy, Helga Ellingsen, Helge Kvam, Oddvin Neset, Olav Mongstad, Åslaug Brende og Anne Hildegunn Færøy.
Arthur Reinertsen under sak 06/15
Ikkje møtt: Mette Fauskanger og Ingebjørg Sørensen

Nr.	Sak	Ansvar
01/15	Innkalling og dagsorden – godkjent utan merknader Referat frå møte 12.12.2014 - godkjent utan merknader. Det vert påpeika at referat frå gruppa sine møter skal gjerast offentleg tilgjengeleg. Gruppa er samd i slik prosess for gjennomgang og godkjenning av referat: <ul style="list-style-type: none">- Sekretær sender utkast til referat deltakarar i møte for gjennomgang og tilbakemelding. Referat blir gjort tilgjengeleg 5 – 7 virkedager etter møtet- Ferdig referat vert sendt til alle medlemmer + til utsending til Rådmannsutvalet.- Godkjent referat vert gjort tilgjengeleg på nettside når dette er på plass- Lov og forskrift om journalføring og offentleggjering av dokument gjeld som elles.	Alle
02/15	Innstilling Handlingsplan <ul style="list-style-type: none">- Det er utarbeidd Handlingsplan 2014 – 2017, samt ein tiltaksplan for 2015 for oppfølging av tiltak initiert i Plan for interkommunalt samarbeid om helse og omsorgstenester i Region Nordhordland, 2014 - 2017- Kort gjennomgang og godkjenning av framlegg til Tiltaksplan for 2015.(Dok.vedlagt i e-post)	Johan/ Anne H
03/15	Gjennomgang og felles forståing av mynde for kommunal-sjefgruppa. Dette vart drøfta; <ul style="list-style-type: none">- Korleis påverkar etablering av kommunalsjefgruppa øvrige fagråd/nettverk, samarbeidsstruktur og rapporteringsvegar?- Fagråd for PLO, fysioterapeutar, samt psykisk helse og rus har alle eige mandat som dei arbeider etter. Kommunalsjefgruppa ønskjer å oppfordra øvrige fagråd til ein gjennomgang og evaluering/etablering av mandat.- Kommunalsjefgruppa vil saman med Fagrådet for kommuneoverlegar drøfte om også <i>kommuneoverlegegruppa</i> bør ha eige mandat.- Kommunalsjefgruppa ønskjer å invitere leiarane for fagråda og nettverka til neste møte for ein felles gjennomgang av mandata, og diskutere handlingsplan slik at alle arbeider i same retning.	Alle
04/15	Tema for samarbeidsmøte med kommuneoverlegane 09.01 Gruppa drøfta tema for møte med Fagråd for kommuneoverlegane <ol style="list-style-type: none">1. Rolleavklaring system/fag2. Smittevernberedskap3. Felles forståing/utfordringar kring E-meldingar	

	<p>a. PLO</p> <p>b. Psykiatritenesta</p> <p>c. Kommunelegar/fastlegar</p> <p>4. Helsehuset – avventer innspel frå prosjektet til eventuell uttale</p> <p>5. Legevakt/bruk av legar</p> <p>6. ØHD status – utvikling</p> <p>7. Forprosjekt – folkehelse barn og unge innan psykisk helse og rus.</p>	
05/15	<p>Rehabiliteringsdagar</p> <p>Det har komme førespurnad frå Haraldsplass Diakonale Sjukehus(HDS) om kommunane vil samarbeide om planlegging og gjennomføring av Rehabiliteringsdagar ved HDS, 5.- 6. mai d.å. Fagpersonar frå kommunane i Nordhordland, Bergen kommune og sjukehus vil få tilbod om å delta på arrangementet. Bergen kommune har sagt seg villig til å delta i samarbeidet.</p> <p><u>Konklusjon:</u></p> <p>Komm.sjefgruppa er positiv til dette samarbeidet, og vil delta i planlegging og gjennomføring av Rehabiliteringsdagar ved HDS.</p> <p>Johan Sandal representerer kommunalsjefgruppa i dette arbeidet.</p>	Johan
06/15	<p>IKT strategi</p> <p>Arthur Reinertsen orienterte om arbeidet med felles IKT- strategi for Region Nordhordland. Presentasjon med overordna føringar er vedlagt i e-post. Reinertsen får tilsendt møteplan for kommunalsjefgruppa, og best om at vidare samarbeid vert tilpass desse møtene.</p>	Arthur
07/15	<p>Møteplan</p> <p>Tidspunkt for møter første halvår 2015:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Fredag 30.januar kl. 9-15 - Fredag 06.mars kl. 9 – 14 - Fredag 17.april kl. 9 – 15 - Fredag 22. mai kl. 9 – 15 	
08/15	<p>Eventuelt</p> <p>a. <u>Leiarutdanninga til Fagakademiet:</u></p> <p>Helge stiller spørsmål om gruppa skal invitere Synnøve Karlsen frå Fagakademiet for å vurdere interkommunalt samarbeid om gjennomføring av praktisk leiarutdanning. Dersom det er nok kandidatar frå kommunane kan det bli mulig å legge undervisninga til Nordhordland. Meir informasjon om utdanninga: http://lederutdanning-helse-omsorg.no/innhold-fire-moduler/</p> <p><u>Konklusjon:</u></p> <p>Gruppa ønskjer å ha dette som tema på neste møte, og vil invitere representant frå Fagakademiet til møte 30.januar. Johan Sandal inviterer Synnøve Karlsen til å informere om tilbodet.</p> <p>-----</p> <p>b. <u>Vidareutdanning – rehabilitering og psykisk helse</u></p> <p>Fagskulen i Hordaland har tatt kontakt med Åslaug Brende og bedt om møte med kommunalsjefane for å orientere om vidareutdanning for fagarbeidarar innan rehabilitering og psykisk helse og rus.</p> <p><u>Konklusjon:</u></p> <p>Åslaug Brende – tar kontakt med Fagskulen og inviterer til eit informasjonsmøte 6.mars.</p>	<p>Johan</p> <p>Åslaug</p>